

Ei øy proppfull av kulturminne

No er jobben gjort med å registrera dei mange kulturminna på Tysnes. Og det kom mange nye til på lista Kaare M. Malkenes kan presentera.

– Det er viktig å kjenna til desse spora frå fortida vår, og noko politikarane må vita om og ta omsyn til når dei skal planleggja for framtida, seier Kaare M. Malkenes.

Vil fortelja

Med god hjelp frå bygdelag og enkeltpersonar har han samla inn og systematisert ei lang rekke kulturminne rundt om i kommunen. Mange kjende frå før, ei rekke nye er komne til på lista som skal overlevast rådmannen før påske. Før det, kan dei som vil vita meir om dette omfattande arbeidet ta turen til Tysnes bedehus no på søndag. Der held Tysnes sogelag årsmøte, og der held Malkenes foredrag om funna som skal gå inn i den nye kommunedelplanen for kulturminne i Tysnes.

– Sogelaget fekk oppdraget med denne kulturminneinnsamlinga, eit registreringsarbeid som starta i slutten av 2015 og har halde på heilt til no. Alle som vil kan koma og høyra på det eg skal fortelja søndag ettermiddag. Undeveis har det vore stort engasjement frå mange hald, eg håpar det som er samla kan vera til glede for mange og vera ei kjelde til vår felles historie. Det heile blir gjort lett tilgjengeleg på nettet, her kan dei som har utfyllande opplysninga koma med sine innspel, utdubar Malkenes.



AUTOMATISK FREDA: Kaare M. Malkenes viser til at kulturminne eldre enn 1537 er automatisk freda, som denne tufta like ved naustet hans. Våge tufta Vågvika finn du meir om på kulturminnesok.no, der det mellom anna står at nausstufta er frå førreformatisk tid, men at tufta totalt sett er dårleg markert.

Mange typar

262 kulturminne er registrerte for Tysnes, 95 nye i arbeidet som er gjennomført no.

– Det er alt frå kaiantlegg, kvernhus og kalkomnar til butikkar og ein gammal skomakarverksad. Berre for å nemna noko. Undeveis i arbeidet har eg blitt kontakta av eigarar som seier dette er viktig, eg opplever at vanlege folk er opptekne av historia. Eg meiner at Tysnes kommune kan leggja til rette for kulturstiar for turistar og andre som har interesse av å bli kjent med natur, gamle vegfar, historia

og levesett på Tysnes gjennom tidene, seier Malkenes, som har vore prosjektleiar for innsamlinga der han har fått med mange biletar.

– Eg har alltid vore oppteken av biletar, og lagt det inn der det har vore sjanse til det. Det gjer det heile mer levande, og lettare både å forstå og finna fram til det me har registret, seier Malkenes.

Byggja vidare

Han viser til det arbeidet samfunnsutviklar Tron Bach gjorde i perioden 2007-2009, der han valde dei mange kul-

turminna som merkevare for Tysnes.

– Han fekk sett opp fleire informasjonstavler som fortel soga til fleire viktige kulturminne. Tysnes kommune bør byggja vidare på dette arbeidet for å synleggjera dei mange kulturminna for folk flest, understrekar Malkenes.

Han viser mellom anna til kommandobunkeren på kystfortet på Nord-Reksteren. Denne bunkeren er veldig spesiell og den einaste av sitt slag her til lands.

– På Flygansvær vart ein tilsvarande bunker riven av

Tysnes kommune, like etter at informasjonstavla på sta- den vart sett opp. Dette må ikkje gjenta seg, kommenterer Malkenes.

Prosjektleiarene viser til lag og foreiningar som er på synfaring til dette tidlegare festningsområdet, der det blir fortalt om anlegget, funksjon og føremål for den tyske opkuppasjonsmakta. Når det gjeld Reksteren og registreringa der, har Svein Ove Agdestein vore god medspelar.

LARS MÆLAND
redaksjonen@tysnesbladet.no

Kva vil du oppleva i kulturkyrkja?

Styret i Onarheim kulturkyrkje vil ha innspel frå alle tysnesingar når dei planlegg programmet for resten av året.

Neste torsdag, 22. mars, er det årsmøte i Onarheim kulturkyrkje. Helge Olav Instøy har vore leiar siste året, og han seier ikkje nei til eitt år til.

– Me byrjar no å få brikene på plass litt etter litt. Tysnesingar frå alle bygder har oppdaga kulturkyrkja, og litt etter litt ser det ut til at kulturkyrkja skal bli det ho var meint som; ei kulturkyrkje for heile kommunen. Sjølv har eg alltid vore svært interessert i musikk og kultur - i tillegg til idrett, då.

Noko av programmet utover året er fastlagt, og det betyr at styreleiaren kan lova både føredrag, song og musikk.

– Me har vore så heldige å få lege Ingvard Wilhelmsen til å koma ein mandag i september. Han er kjend som hypokonderlegen, men ikkje minst for sin humor, ein fantastisk kåsør. Elles blir me med under Kystsogevekene. Men før det kjem kammerkoret i mai. Og før det igjen, 28. mars, i påskeveka, kjem H.P. Gundersen

saman med to amerikanske vene rett frå Vossajazz til Onarheim kulturkyrkje. I fjor var dei i kunstløa på Nesse. Me har også samarbeid med kulturskulen her i kommunen og musikklinja ved Stord vidaregåande skule, noko som også vil føra til flotte konserter, seier ein ivrig styreleiar.

Økonomi og pågang
Kulturkyrkja på Onarheim er avhengig av billettinntekter for å få det til å balansera økonomisk. Alsaker Fjordbruk dekkjer alle annonseutgiftene dei har, men elles må dei klara seg sjølv.

– Me kan ikkje då engasjera dei dyreste artistane, men etterkvart er det mange som tek kontakt med oss for å få bruk kyrkja. Det er tydeleg at Onarheim kulturkyrkje no er blitt kjend rundt om i landet, og me blir kontakta av både grupper og einskildpersonar som vil underhalda i kyrkja vår. Eg forstår dei godt, for i kulturkyrkja er det ein fantastisk flott klang som eignar seg særskilt godt til musikkinnslag.

Kom med ønskje

Helge Olav Instøy presiserer at programmet ikkje er komplett ennå, og at dei svært gjerne vil at tysnesingane sjølv skal avgjera kva som skal skje i kulturkyrkja.



HELD FRAM SOM LEIAR: Helge Olav Instøy vil ha alle tysnesingar med på å skapa programmet for Onarheim kulturkyrkje. Her frå då han tok over etter Nils Kåre Myklebust i fjor. (Arkivfoto: Ingunn Gjærde)

– Sigmund Hovland er den hos oss som er hovudansvarleg for programmet, og det er berre å ta kontakt med han eller andre av oss i styret og koma med ønskje og forslag. Dei som truleg held fram i styret etter årsmøtet er: Helge Olav Instøy,

Arne Leite, Marit I. Espedalen, Kåre Martin Kleppe og Knut Nesland, medan Heidi Renate Røssland og Leif Magne Hovland blir erstatta av Olav Skjellevik og Jorunn Økland.

GEIR ROMMETVEIT
redaksjonen@tysnesbladet.no